

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** torsdag 18. juni 2020 09:45  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 24/2020, 18. JUNI

### **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 24/2020, 18. JUNI**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### **FOU-PRISEN TIL PROFESSOR OKKENHAUG**

Høgskulen i Voldas FoU-pris for 2020 går til [professor Inger Marie Okkenhaug](#) ved Historisk institutt, Avdeling for samfunnsfag og historie. FoU-prisen vert delt ut i samband med Forskingsdagen ved Høgskulen i Volda fredag 18. september 2020. [Les meir på våre nettsider.](#)

### **PARKERING (1) KOMMUNESTYRET DRØFTAR BETALINGSPARKERING PÅ HØGSKULEOMRÅDET**

Kommunestyret i Volda har torsdag 18. juni oppe sak om regulering av parkering på høgskuleområdet og betalingsparkering. [Kommunedirektøren foreslår at det blir innført](#) og argumenterer blant anna med miljøomsyn. Det kan virke som at politikarane i Volda er svært delte i synet på denne saka. Tenesteutvalet for forvaltning og utvikling gjekk med eit fleirtal på ei røyst inn for betalingsparkering - [les omtale i Møre \(betalingsartikkel\)](#).

### **PARKERING (2) HØGSKULEDIREKTØREN SEIER BETALINGSPARKERING ER KRITISK**

I eit intervju i Møre i dag seier høgskuledirektør Karen Lomeland Jacobsen at det er kritisk viktig for høgskulen at skiltplan og betalingsparkering kjem på plass. [Les intervjuet i Møre.](#)

### **PARKERING (3) HVO LEIGER PLASSAR I VOLDA CAMPUS SPAREBANK1 ARENA**

Kommunestyret i Volda har også oppe som sak [godkjenning av avtale mellom Statsbygg og Volda kommune](#) om betaling for parkeringsplassar i kjellaren på Volda Campus Sparebank1 Arena. Avtalen går ut på at Statsbygg skal betale 4 millionar kroner for at studentar og tilsette på HVO skal få tilgang til parkeringsplassane. Det er det nye mediehuset som gjer at Statsbygg og høgskulen treng nye parkeringsplassar.

### **OPNE DØRER PÅ HØGSKULEN: MEN KORONAKRISA ER IKKJE OVER**

Sidan 15. juni har alle universitet og høgskular i prinsippet vore opne. For Høgskulen i Volda har det i praksis betydd at det ikkje lenger er nødvendig å bruke nøkkelkort for å kome inn i husa på dagtid. Kravet om ein meters avstand og dei andre generelle smittevernkrava gjeld framleis.

### **JOURNALISTSTUDENT ØKLAND ANDRESEN VART VALD TIL NASJONAL STUDENTLEIAR**

Journaliststudent Hanne Sofie Økland Andresen ved Høgskulen i Volda har vorte vald til leiar for NJ Student som er ein del av fagforeininga Norsk Journalistlag. [Les meir på våre nettsider.](#)

### **NYE HUS, NYE OMVEGAR (1) BRUA ER STENGT**

Byggearbeida på høgskuleområdet fører til mange endringar, og fire veker i juni/juli er høgskuleområdet delt i to ved at vegen mellom Berte Kanutte-huset og Aasen/Strøm/Lettbygget er stengt mellom brua og Lettbygget. Sjå oversyn over [alternative vegar på våre nettsider.](#)

### **NYE HUS, NYE OMVEGAR (2) KAARSTAD-VEGEN ER STENGT**

Frå 15. juni og ca ein måned framover er Kaarstad-vegen stengt på strekninga frå brua over evla Orgyla (også kalla Håmyrelva) bort til Spar-butikken. Blant anna skal elveløpet [utvidast som eit flaumsikringstiltak](#). Dette påverkar mange, [og bussane blir naturlegvis lagt om](#).

### **MILLIONAR TIL ORDBOK**

Kulturdepartementet har gitt Høgskulen i Volda og Universitetet i Bergen ei løyving på fire mill. kroner i 2020 til digitalisering av Norsk Ordbok A-H. – Nynorsk skriftkultur og formidling er eit strategisk viktig område for Høgskulen i Volda, seier førsteamanuensis Stig Helset ved Institutt for språk og litteratur. [Les meir på våre nettsider](#).

### **KANTINA LEVERER MAT PÅ BESTILLING**

Dei tilsette på studentkantina på Høgskulen i Volda har vore permitterte sidan i mars. [Kantina har opna for matbestilling](#), men ver ute i god tid. Det blir ikkje mogleg å handle over disk ut dette semesteret.

### **BOKHANDELEN HELD OPE UT JUNI: PENSUMBØKENE KJEM I TIDE**

[Akademika-bokhandelen i Aasen-huset](#) har opna igjen etter koronakrisa og står no på for fullt for å skaffe bøkene som står på pensumlistene på studia ved Høgskulen i Volda. Fagansvarleg Elin Longva seier at dei fleste bøkene ser ut til å gå greitt å skaffe, men bøker som skal sendast frå USA må ein rekne med lenger leveringstid enn vanleg. Om det er studium som ikkje har publisert pensumlister så begynner det å bli lite tid til å skaffe bøkene til studiestart. [Her er oversyn over emne og pensumlister for hausten 2020](#).

### **PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

### **PUBLISERINGAR (2) TO KRONIKKAR AV GUNHILD NORDVIK REITE**

[Stipendiat Gunhild Nordvik Reite](#), AHL, har publisert fagkronikken "[Frå tilpassa til universell opplæring](#)" i tidsskriftet Bedre Skole. Nordvik Reite har også fått på trykk kronikken "[Farleg "leik med ord" i ny opplæringslov](#)" i Sunnmørsposten. Kronikkane handlar om at forslaget til ny opplæringslov der det blir tatt til orde for å ta bort omgrepet og retten til «tilpassa opplæring» i skulen og innføre «universell opplæring».

### **PUBLISERINGAR (3) KRONIKK AV ANNE MARTA VINSRYGG VADSTEIN**

[Høgskulelektor Anne Marta Vinsrygg Vadstein](#), Nynorsksenteret, har publisert ein artikkel i Første steg (Utdanningsnytt sitt barnehagetidsskrift): «[Men eg er påpasseleg med å ikkje drive undervising, altså!](#)» Artikkelen handlar om skriftspråkstimulering på barnehagen sine premisser.

### **PUBLISERINGAR (4) OLA TEIGE HAR KRONIKK I VG**

Førsteamanuensis Ola Teige, ASH, har i lag med Nik Brandal, Bjørknes høyskole, skrive kronikken "Statuer er ikke historie" som er publisert i VG. [Les kronikken her](#).

### **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020**

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

18.6.2020: [Forskningsutvalet](#)

### **Studieåret 2020-2021**

18.-19.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#)

10.9.2020: [Styremøte](#)  
18.9.2020: [Forskingsdagane - Utdeling av FOU-prisen 2020](#)  
1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)  
28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)  
11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen  
10.12.2020: [Styremøte](#)

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.hivolda.no/stilling>

## **REKTORBLOGGEN**

11.6.2020: [Orientering til høgskulestyret](#)  
28.05.2020: [Orientering til høgskulestyret](#)

[Alle blogginnlegg](#)

## **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)